



FOR
GUD

FOR
KVAR-
ANDRE

LEIK OG
SPEL

FILM OG
FELLESSKAP

GOD
MAT

Bli med på **LYS
VAKEN**

OVERNATTE
I KYRKJA
(viss du vil)

FOR
VERDA

FOR
MEG
SJØLV



Lys Vaken er ei helg for alle som går på 5. trinn på ein av skulane i Suldal. Hovudtemaet er korleis me kan vere vakne for kvarandre, for Gud og for verda me lever i.

SULDAL KYRKJE

26.-27. april 2025

PROGRAM

LAURDAG

- | | |
|-------|--------------------------------|
| 16:00 | Velkommen/registrering |
| 16:15 | Bli kjent-leikar |
| 17:30 | Stasjonar |
| 18:40 | Middag |
| 19:35 | Aktivitetar – baking, spel ... |
| 21:00 | Me riggar oss klare for natta |
| 21:30 | Film |
| 23:00 | Kveldsstell |
| 00:00 | Ro for å sove |

SØNDAG

- | | |
|-------|---|
| 08:00 | Vekking |
| 08:30 | Frukost |
| 09:00 | Rydding |
| 09:30 | Øving og aktivitetar – og frammøte for heimesovande |
| 11:00 | Festgudsteneste der LysVaken-gjengen deltar. Heile familien er veldig velkomne! |
| 12:00 | Kyrkjekaffi |

TIL FORELDRA:

Lys vaken er eit tiltak for å hjelpe 5. klassingane våre til å bli betre kjende med kvarandre (på tvers av grendene), med kyrkja og med Bibelen. Denne helga vil dei få utdelt Teikneseriebibelen, som me skal bruke i helga.

Me legg til rette for overnatting i kyrkja – dei som heller ønskjer å sove heime gjer sjølvstendig det!

Me hadde hatt bruk for nokre foreldre/vaksne til praktiske oppgåver/nattevakter denne helga – sei gjerne frå i påmeldinga viss de har

anledning til å bidra med noko 😊

Å delta på Lys Vaken er heilt gratis.



TIL 5.KLASSINGEN:

Me håpar du vil bli med på Lys Vaken i Suldal kyrkje! Sjå på programmet på sida av her, og send spørsmål til Nina (91 52 19 44) om det er noko du lurar på 😊

Påmelding innan 22/4:

Scann QR-koden, eller gå til
www.suldal.kyrkja.no



Ta med:

Liggeunderlag

Sovepose og pute

Toalettsaker

Yttertøy

NB: ALLE 5.-klassingar er
VELDIG velkomne! Er det
nokon i klassen din som ikkje
har fått invitasjon? Då er det
berre fordi me ikkje har
adressa deira i listene våre!
Inviter dei med deg! 😊

«Å høyra til»

Trusopplæring i kyrkja i Suldal

Å høyra til ein stad er svært viktig for alle menneske.

Barnet høyrer, heilt frå før fødselen av, til! I familien, i slekta, i ei bygd, i Suldal kommune, i Noreg...

Er barnet døpt, vart det sagt ved døypefonten at det òg høyrer til Jesus Kristus. Samtidig vart barnet medlem i Den norske kyrkja. Me vil at barnet skal få kjenne at det høyrer til i kyrkja si i Suldal og at det skal bli kjend med Jesus, som det vart døpt til, slik at det kan bli verande i trua på han.

Det barnet lærer om tru heime, er det som betyr aller mest. Men fadrar og kyrkjelyd fekk på dåpsdagen eit ansvar for å stå saman med heimen om formidlingsoppgåva.

'Lys Vaken' er eitt av tilboda kyrkja har.

Trusopplæringa i kyrkjene våre inkluderer sjølvsagt også barn som ikkje er døypte – ALLE er velkomne!

Dette kan me tilby i kyrkja i Suldal:

Frå nyfødd til fylt 1 år: Babysong

1, 2 , og 3 år: Gåver til dåpsdagen

3 år: «Krøllekveld»; ei samling i kyrkja

4 år: 4-årssamling i kyrkja og utdeling av 4-årsbok i ei gudsteneste

5 år: Gåve til dåpsdagen

6 år: Utdeling av 6-årsboka i ei gudsteneste eller på 'Førsteklasses'

6 eller 7 år: Dåpsskule i løpet av 1. eller 2. klasse

8 eller 9 år: Tårnagenthelg for 3. klassingar

10 eller 11 år: 'Lys vaken'-helg for 5. klassingar med utdeling av Teikneseriebibelen.

10-12 år: Tweens-kveldar, ca 4 gonger i halvåret

14-15 år: Konfirmasjonsførebuing og konfirmasjon

Kyrkja sine tilbod går berre over ein dag, ei helg eller ein kort periode.

Meir regelmessig trusopplæring kan barnet få i eit av dei mange kristne banelaga, kora eller speidargruppene i Suldalsbygdene. Me vil oppfordre til at barnet får vere med der også :)